

Årsmøte Hyllestad Skyttarlag 11. desember 2016

Sak 1: Val av møteleiar, skrivar og 2 til å skrive under møteprotokollen

Per-Magnar er valt til møteleiar og skrivar. Møtande skriv under protokollen

Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen merknader. Godkjent.

Sak 3: Årsmelding frå styret

Årsmeldinga blei diskutert og einstemmig vedteken utan merknad.

Sak 4: Årsmelding frå ungdomsgruppa.

Årsmeldinga blei opplesen av Lisa Giil. Årsmeldinga vart einstemmig vedteken.

Sak 5: Årsmelding jaktutvalet.

Årsmeldinga vart opplesen av Sigvar Gil og blei godkjend utan merknad.

Sak 6: Årsmelding frå IKT.

Årsmeldinga frå IKT blei opplesen og godkjend med fylgjande merknad: Når IKT-utvalet har vore på kurs må dei halde interne kurs i laget for å oppdatere fleire på den nye kunnskapen. Dette for å gjere laget mindre sårbart ved fråfall av nøkkelpersonar.

Sak 7: Årsmelding sponsor.

Kjell Eide har ikkje laga årsmelding. Han orienterte munnleg om arbeidet for å rekruttere nye sponsorar for 2017-18 og 19-sesongen.

Sak 8: Årsmelding kiosk.

Årsmeldinga frå kiosken blei opplesen og vedteken utan merknad.

Sak 9. Styret sin arbeidsplan. I året som kjem skal vi ha fokus på rekruttering og overbygg av 200-meter skiver. Dette er nye punkt som må prioriterast i forhold til eksisterande arbeidsplan.

Sak 10: handlingsplan for ungdomsgruppa.

Denne planen blir delegert til den nye ungdomsgruppa. Fokus skal ligge på rekruttering.

Sak 11: Rekneskap.

Rekneskapen er godkjend slik den ligg føre.

Sak 12: Satsar for treningsavgift og medlemskap

Vedtak: Satsane står uendra. 100 kr for seniormedlemskap og støttemedlem. Kr 50 for rekrutteringskyttarane. Treningsavgift kr 300 for alle.

Sak 13: Vilkår og satsar for sponning av medlemmane:

Vedtak: Sponning av cal 22 for 2016 blir utbetalt no. Sponning av cal 6,5 for 2016 må utsettast inntil vidare og vil bli vurdert på styremøte i april/mai. 2017-sponning blir opp til styret å vurdere i april/mai. Makssum for sponning blir 20.000 og vil vere avhengig av innkomne sponsormidlar.

Sak 14: Budsjett

Vedtak: Budsjettet blir godkjent etter årsmøtet sine justeringar slik det ligg føre.

Sak 15: Førespurnad frå Lavikdal skyttarlag om lån av innandørsbana.

Vedtak: Vi ser positivt på førespurnaden og vil arbeide for å få til ei avtale. Styret får fullmakt.

Nytt skyttarhus: Vi har hatt orientering om saka. Vi skriv kontrakten om tomtekjøp no, men utset frådelinga til økonomien betrar seg.

Sal 16: Val: Sjå vedlagde liste.